

Referat ALLEMED-dugnad i Bømlo

Bømlo kommune arrangerte ALLEMED-dugnad i kommunestyresalen i Bømlo rådhus, torsdag 25. november kl 1730-2030.

Invitasjonen

Alle lag og organisasjonar var invitert med på dugnaden gjennom det månedlege nyheitsbrevet frå rådgivar for folkehelse og frivilligheit. Vidare vart kommune, frivillige lag og organisasjonar, lokalt næringsliv og ungdomsråd oppfordra til å delta gjennom aktuelt sak på kommunen sine nettsider og Facebook-side, annonsering i Bømlo-Nytt (som del av fellesannonse) og direkte invitasjon via e-post.

Kva kan me gjera for å få alle med? Alle barn har rett til ein god oppvekst med ei meiningsfull fritid der dei opplever meistring, fellesskap og møter vener. Diverre opplever barn og unge i Bømlo at dei ikkje kan delta på fritidsaktivitetar og at dei blir ståande på sidelina på grunn av ulike barrierer som til dømes økonomi og transport.

Skal våre barn få oppfylt retten til leik og fritid, må me leggja våre gode krefter saman. Frivilligheita, næringslivet og kommunen er alle med å byggja våre nærmiljø, og gjennom å samarbeida kan me gjera ein forskjell for våre barn, her og no.

25. november 1730-2030 inviterer me derfor til ein dugnad, som kan bidra til at alle barn og unge får moglegheit til å delta på fritidsaktivitetar. Meld deg på til lene.borgen.waage@bomlo.kommune innan 10.november. Det er avgrensa med plassar, så om svært mange melder seg på gir me tilbakemelding på om de har fått plass rett etter påmeldingsfristen.

I dugnaden brukar me dialogverktøyet ALLEMED for å skape diskusjon, medvet og finna løysingar. ALLEMED er eit verktøy over 80 kommunar før oss har brukt for å auka kunnskap om utanforskap og auka inkludering av barn og unge. Bømlo er også med å vidareutvikla verktøyet ved at vår ungdom har førebudd dugnaden på kick off-samling for ungdomsrådsarbeidet i oktober.

[Les mer på: www.allemed.no](http://www.allemed.no)

Deltakarar

Totalt var 45 påmeldt, i tillegg til Erika Wollner frå ALLEMED og Lene Borgen Waage frå Bømlo kommune, som arrangerte dugnaden og Peter Tubaas frå Vestland media som dokumenterte. Ni personar meldte avbod¹. Desse deltok på dugnaden:

- Lag og organisasjonar: Svein Fylkesnes (Bremnes idrettslag og Råd for nedsett funksjonsevne), Ragna Alsvåg Folgerø (Foldrøy speidargruppe og FAU Foldrøy skule) , Anne Merete Lydersen Grønås (Foldrøy aktivitetspark) , Sigurd Barane (Foldrøy speidargruppe og

¹ På tidspunktet for dugnaden var det mange med luftvegssymptom og anna sjukdom og grunna pandemien måtte alle med slike symptom melde avbod.

arr.komité Foldrøy grendautval) , Arild Rolfsnes (Foldrøy aktivitetspark), Ole Johan Jensen (Svortland krinslag, Leite aust vel og diabetikerforbundet)

- Ungdomsrådet: Mats Rissmann-Bredesen (ungdomsrådet), Eirik Nitter (ungdomsrådet), Selma Meling (ungdomsrådet)
- Næringslivet: Nina Ingvaldsen (Bømlo næringsråd), Tor Bjarne Smedsrud (Finnås kraftlag), Vivi Loftheim (Sparebanken Vest)
- Politikarar: Sammy Olsen (Ordførar), Unni Seim (Utval for Levekår og kommunestyre for SV)
- Kommunen: Ingrid Mjanger (Bømlo folkebibliotek), Mellesdal, Kjell Magnar (Kommunalsjef Helse, sosial og omsorg), Bjørklund, Bjørn Håvard (kommunalsjef oppvekst, kultur og idrett), Follesø, Kjersti Helen (kommunelege), Hellen, Linda (Leiar barne- og familietenesta og styreleiar Bømlo teater), Gro Marita Våge Tulloch (Barne- og familietenesta med Tiltaksteam Sosiale tenester som mellom anna fritidskontaktar), Sortland, Jorunn (Barne- og familietenesta PPT), Kallevåg, Anette (Barne- og familietenesta, skulehelsetenesta), Espeland, Vanja (Personalsjef og Finnås sportsklubb), Kjetil Aga Gjøsæter (Kommunedirektør Bømlo kommune)
- Studentar: Einar Kristoffer Sandtorv Kipperberg (HVL-student), Cathrine Vassnes Torget (HVL-student, habiliteringstenesten Bømlo kommune og leiar Goddo grendalag), Odd Reistad Langhelle (HVL-student)
- Andre: Hanne Jacobsen (Bømlo kulturhus), Anne T Johannessen (Bømlo frivilligsentral og formannskap/kommunestyre for FrP)
- Arrangørar: Erika Wollner (ALLEMED) og Lene Borgen Waage (Rådgivar folkehelse og frivilligheit Bømlo kommune og referent)

Deltakarane vart delt inn i grupper der ulike roller var representert.

Agenda

- Opning ved Ordførar Sammy Olsen
- Introduksjon om ALLEMED og dugnad ved Erika Wollner (sjå vedlagte presentasjon)
- Kvifor ALLEMED i Bømlo ved rådgivar folkehelse og frivilligheit i Bømlo kommune Lene Borgen Waage
- Gruppesamtale: Kva gjer me bra i Bømlo?
- Ungdom ved roret: ALLEMED-dugnad av og med ungdom i Bømlo
- Gruppediskusjon med utgangspunkt i case om konsekvensar av manglande deltaking, korleis me kan oppdaga at barn ikkje deltek og kven som bør snakka med barn om fritidsaktivitetar og moglegheit for å delta
- Gruppediskusjon om korleis me får alle med (kva kan kommune og organisasjonar gjera, og kva kan me samarbeida om?)
- Val av idear å gå vidare med og fordeling av ansvar

Medieomtale

- Bømlo Nytt omtalte dugnaden med redaksjonell sak både på nett og i papiravisa
- Bømlo kommune publiserte aktuelt sak og video på sine nettsider og på kommunen si Facebookside: <https://www.bomlo.kommune.no/aktuelt/vil-fa-fleire-unge-med-i-fritidsaktivitetar-i-bomlo.8795.aspx>
- ALLEMED omtale Bømlo sin dugnad og delte videoen på sine Facebook-sider

Oppsummering

Kva gjer me bra i Bømlo?

Erika Wollner introduserte gruppeoppgåva:

- *Kva er me stolte av at vi gjer allereie i dag for å sikra at barn og unge deltar i våre aktivitetar, uavhengig av familiens økonomi?*
 - o *Konkrete tiltak*
 - o *Prosjekt*
 - o *Frivillig innsats*
 - o *Samarbeid*
 - o *Politisk forankring*
 - o *Eldsjeler*
- *Har me ei konkret historie der me klarte å inkludera eit barn eller ungdom? Korleis fekk me det til?*

Etter gruppediskusjon løfta deltakarane opp følgjande:

- Frivilligheita: Me har over 300 lag og organisasjonar, mange frivillige og mange aktive foreldre
- Inkluderingsfondet i Bremnes idrettslag
- Bømlo teater – ingen deltakaravgift
- Biblioteket, kulturskolen, BUA
- Speidaren, Foldrøy – ny uteplass
- Velvillig næringsliv
- Mange dyktige folk – skapar ting
- Mange å spela på både i grendene og sentralt
- Breiddeaktiviteten i kulturhuset
- TILbod som treff mange – Varden
- Dei minste har mange tilbod (mindre når eldre)
- Mykje innan idrett
- Mangfald og mange lokalisjonar
- Nye ting som får støtte frå næringslivet
- Engasjement
- Drive og eigarskap

UNGDOM VED RORET – ALLEMED

Bømlo kommune har eit prosjekt kalla *Ungdom ved roret*. Prosjektet byggjer på erfaringar frå folkehelseprogrammet. Som del av dette prosjektet gjennomførte ein ABCD-kurs våren 2021, der deltakarane avslutningsvis løfta fram prosjektidear dei brann for². Ein av deltakarane frå elevrådet ved Bremnes ungdomsskule ønska då å jobbe for at alle barn og unge kan delta i fritidsaktivitetar. Dette initiativet vart løfta fram då ALLEMED tok kontakt i juni 2021 med tilbod om å gjennomføra ein dugnad i Bømlo.

² Sjå omtale av prosjektet på Bømlo kommune sine nettsider: <https://www.bomlo.kommune.no/aktuelt/vil-fa-fleire-unge-med-i-fritidsaktivitetar-i-bomlo.8795.aspx> og oppsummering og evaluering av program for folkehelse 2020-21 på: <https://www.bomlo.kommune.no/f/p1/ide4680bb-073c-43b0-98c0-58790aa2cb3a/oppsummering-og-evaluering-2020-21.pdf>

ALLEMED har i 2021 eit eige prosjekt der grupper med ungdom testar ut eit nytt ALLEMED-verktøy av og for unge. Basert på idéen frå elevrådsrepresentanten vart det laga ei gruppe med fire ungdommar i Bømlo som førebudde og gjennomførte ei eiga ALLEMED-samling. Som del av førebuinga besøkte ein representant frå ALLEMED Bømlo. Samlinga vart gjennomført som del av kick off for ungdomsrådet i Bømlo 22.-23.oktober. Sjå omtale av prosjektet på ALLEMED sine nettsider: <https://www.allemed.no/nyheter/allemed-av-og-for-unge-vi-er-i-gang>.

Tre av ungdommane deltok på ALLEMED-dugnaden og presenterte dei viktigaste punkta frå ungdomssamlinga:

- Utstyr er dyrt – ungdommane foreslår ei bytte-/bruktmesse i regi av til dømes idrettslag og andre arrangørar, der ein kan bytte til seg/kjøpe brukt utstyr.
- Medlemskontingentar og deltakaravgift er dyrt – ungdommane synes det er svært synd at det nasjonale fritidskortprosjektet blir avslutta³. Dei oppfordra til å vidareføre ordninga med at (delar av) medlemskontingenten/deltakaravgifta blir dekkja.
- Dei vaksne sitt engasjement er viktig for å ha gode fritidsaktivitetar. Det er viktig å jobbe for at desse har god kompetanse og trivst med jobben som vaksenleiarar.
- Transport er ei stor utfordring for mange. Ungdommane oppfordra til at ein tenkte nytt for å finne alternative løysingar til buss. Forslag som vart nemnt var samkøyring og sponning av taxi.

Korleis får me alle med?

Gruppene diskuterte følgjande:

- Kva kan me som kommune gjera?
- Kva kan me i organisasjonar gjera?
- Kva kan me samarbeida om?

Vedlagt er kopi av gruppene sine notatar. Gruppene presenterte vidare to idear kvar som Erika Wollner oppsummerte i plenum – vidare valte gruppene ut nokre idear ein bearbeidde noko meir og sette opp ansvarleg for oppfølging for. Under er oppsummering av plenumsdiskusjonen med kort skildring av dei tiltaka som vart prioriterte:

- Opprettholde gode trenere og voksenledere
- Byttedag
- Redusere kostnadene knyttet til utstyr for å delta på aktiviteter
- Videreføring av Fritidskortet (Haugesund gjør det samme)
- Biblioteket/Kulturhuset. Ledig lokale, en plass det kan vokse mer i! Bruken og utviklingen kan påvirkes av alle innbyggere.
- Løfte Aktivitetforalle.no: Videreutvikle. Favne bredere og på flere språk. Inkludere arrangement og løfte det som skjer i regi av aktivitetstilbydere og kommunen. Få kalenderen inn på skjermer på skolen. Alle framsnakker vidare, gi gode tilbakemeldinger. Ungdom snakker! Speile de man ønsker å få med. Løfte ungdommers stemme i synliggjøringen av aktiviteter. Også på skoler. Synlighet av aktiviteter som finnes - løfte mangfoldet. Aktivitet for alle / Opplev Bømlo. Frivillige org må løfte sine aktiviteter - også de som ikke koster penger.

³ Fritidskortet er eit nasjonalt prosjekt der Bømlo, saman med Stord og Fitjar og 21 andre norske kommunar testar ut ei ordning der alle barn og unge mellom 6 og 18 år får 1000,- i halvåret til medlemskontingentar/deltakaravgifter: <https://www.bufdir.no/Familie/fritidskortet/>

God og relevant markedsføring: kinoreklame, sosiale medier, Facebook. Hvem tar ansvar:
Lene

- Gratis prøveperiode av aktiviteter. Mulighet for å teste ut.
- Ressursbank. I regi av kommunen. Et sted man kan gi beskjed dersom man ser eller opplever utenforskap/frafall. Enkelt. Tydeligere bindeledd mellom kommune og frivillige organisasjoner. Kommunen må synliggjøre sine tilbud, tydeligere struktur. Kontaktperson og/eller nettside. Også en kunnskapsbank for å få ressurser til god inkludering og innspill på håndtering av situasjoner man står i. Tidsplan/neste møte: neste uke! Hvem tar ansvar: Bjørn, Lene og Linda. Søke om midler til en stilling og koordinere samspillet
- Felles medlemskap på tvers av aktiviteter. Gjør det mulig å kunne bytte enkelt ved behov/ønske. En annen type videreføring av fritidskortet.
- Drosje - "Hent meg". Betale samme pris som på ungdomskortet. Uber/Tommelen. App - de som trenger skyss kan melde inn. Også mulighet for å legge inn at man skal kjøre som andre kan koble seg på. Lage trygge grupper av sjåførere. Tidsplan/neste møte: Skyss har innspillsmøte i midten av januar. Hvem tar ansvar: Ungdomsrådet + Lene Koble på FAU.
- Førerløse busser mellom aktivitetene. Koble transportmuligheter. Aktivitetsstopp - koble på Uberappen.
- Fulltidsskole. Skole på dagen med lekser og aktiviteter litt utover ettermiddagen. Slik som i Sandnes, med inspirasjon fra LIM.

Avslutning

Kommunalsjef for oppvekst, kultur og idrett, Bjørn Håvard Bjørklund, avslutta dugnaden med å gi honnør til ALLEMED og Erika Wollner: «Prosjekta me har diskutert her i kveld vil kunne gjera ei forskjell for barn og unge i kommunen vår framover». Kommunalsjefen nytta vidare høvet til å peike framover til arbeidet med ny kommunedelplan for kultur, idrett og frivillighet: «Politikarane har vore klare på at me skal laga ein kommunedelplan som famnar om meir enn dei kommunale tenestene innanfor kultur. Då blir samarbeidet med frivilligheita og arbeidet med å få alle med i fritidsaktivitetar ein naturleg del av dette arbeidet. Diskusjonane her i kveld har vore eit godt startpunkt for dette».

Bømlo, desember 2021

Lene Borgen Waage

Rådgivar folkehelse og frivillighet